

Marit Silje Årnes Husabø

Emne: VS: Regionreform

Fra: Trude Brosvik <Trude.Brosvik@gulen.kommune.no>

Sendt: måndag 12. mars 2018 14:00

Til: Jenny Ellaug Følling <jenny.folling@sfj.no>

Kopi: Tore Eriksen <Tore.Eriksen@sfj.no>

Emne: Regionreform

Årsmøtet til Sogn og Fjordane KrF vedtok denne uttalen i helga.

Han er sendt til Torhild Brandsdal som er vårt medlem i kommunalkomiteen.

Dette til orientering, også til fylkesutvalet.

Regionreforma er ikkje fullført før oppgåvene er på plass.

Derfor krev fylkesårsmøtet til KrF i Sogn og Fjordane at Stortinget behandler Ekspertutvalet sine framlegg til å fylle reforma med oppgåver, som ei samla sak.

Stortinget har vedteke at Norge skal ha tre forvaltningsnivå og ei ny inndeling av det regionale nivået. Ein vesentleg del av semja om regionreforma er å flytte fleire oppgåver nærmare dei det gjeld og styrke lokaldemokratiet. Regionreforma er ikkje ferdig før oppgåvene er på plass.

Ekspertutvalet, leia av Terje Hagen, har levert eit omfattande arbeid med ei rekke framlegg til oppgåver som bør overførast til fylkesnivået. Behandlinga av utvalsarbeidet vil ikkje bli lagt fram for Stortinget før til hausten. For KrF må det vere eit krav at dette omfattande arbeidet blir lagt fram som ei samla sak, og ikkje delt opp mellom dei ulike departementa, slik det naturleg vil bli dersom dette blir ein del av budsjett-behandlinga. Om nødvendig må Stortingsgruppa fremje samla handsaming som eit representantframlegg.

Mvh Trude Brosvik

Eks-fylkesleiar ☺